

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/17	Plan- og miljøutvalet	PS	22.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ingrid Bjørge Pedersen	16/2496

Søknad om frådelling av tomt - gbnr 56/15 Hundvin

Vedlegg :

Søknad om rammeløyve til frådelling av fritidstomt
Søknad om dispensasjon
Vedk tilsendt nabovarsel - gbnr 56/14 -15 Hundvin
Innspel til søknad om frådelling gbnr 56.14-15
Innspel til søknad om frådelling
Innspel til søknad om frådelling
Tilsvaret til vår søknad om frådelling
Erklæring - vegbruk gnr 56 bnr 14/15
Vedk naust på gbnr 56/15 i Lindås på umatrikulert grunn
Kopi av pantebok
Utskrift av rettsboka for Ytre Nordhordland jordskifterett
Kart
Uttale - gbnr 56/15 Hundvin
Lindås - gnr 56 bnr 15 - Hundvin - frådelling
fritidsbustad og naust
Kulturminnefagleg fråsegn i høve søknad om frådelling av areal til fritidsbustad og naust - gbnr 56/15 Hundvin
Hundvin gnr 56 bnr 15 - Frådelling av areal til fritidsbustad og haust - Lindås kommune - kulturminnefagleg fråsegn
Brev vedk søknad om frådelling - gbnr 56/15 Hundvin

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 og § 1-8 vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggjegrænse mot sjø for frådelling til fritidseigedom.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m vert det gjeve avslag på søknad om opprettelse av ny grunneigedom.

Grunngjevinga går fram av saksopplysninga og vurderinga.

Plan- og miljøutvalet - 027/17

PM - behandling:

Fellesframlegg: Saka vert utsett og Plan- og miljøutvalet bed om ei synfaring.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Saka vert utsett og Plan- og miljøutvalet bed om ei synfaring.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Dersom Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon til frådeling, skal saka sendast til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Dersom det vert gjeve dispensasjon til frådeling, vil administrasjonen følgje opp med vedtak om frådeling når det ligg føre vedtak etter jordlova.

Saksopplysningar

Eigedom: gbnr 56/15 og 14

Adresse: Hundvinvegen 118

Tiltakshavar/eigar: Aud May Hundvin og Kjell Ølnes

Ansvarleg søkjar: Advokatfirma Harris DA

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om frådeling av parsell knytt til landbrukstomt og frådeling av naustetomt. Parsellen det søkjast frådeling for inneheldt eit våningshus, ei løe og eit uthus. Naustetomten er søkt frådelt frå hovedbruket og til omsøkte parsell. Det vert samstundes søkt om å frådele naustetomten på gbnr 56/14 til den nye fritidseigedommen. I våre register står denne på umatrikulert grunn. Det er innkomne merknader i saka vedkomande eigarforholdet til grunna nausta står på. Det vert hevda tiltakshavar ikkje har de private rettar til å dele i frå bnr 14.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og pbl . § 1-8 vedkomande byggje- og deleforbod i 100- metersbelte mot sjø.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre slik merknader frå eigar av gbnr. 56/9 motteke kommunen per mail den 10.08.16: *Innspeil til søknad om frådeling gbnr 56/14-15. Saksnr 16/2496.*

Tilkomst til eigendomen:

Det blir vist til vegrett over gbnr 56/13. Vegretten over 56/13 gjeld gbnr 56/14-15, det foreligg inga veirett for ein utskild parsell. Det blir vist til at det må vere ein avtale med brukarane av vegen kva det gjeld vedlikehald m.m. Ein slik avtale foreligg ikkje.

Hensyn til landbruksland:

Først må det påpeikast at gbnr 56/14-15 er ein konsesjonsbelagt eigendom med aktiv drift, og i

så måte bør omsyn til garden vere tungvegande i vurderinga av saka. Eigendomen har i dag begrensa innmarksresursar, og områda på, og rundt, parsellen som blir søkt fråskild utgjør viktig

innmarksbeite for garden.

Grunneigar vurderer parsellen som verdiløst i landbrukshensjåande. Dette medfører ikkje riktighet. Heile arealet som er søkt utskild vert i dag beita, og sjølv om karta viser at areala mellom løa er skogkledd, er alt areal rundt husa innmarksbeite. Noko ein eventuell synfaring vil

kunne avdekke. Løa vert og vurdert som verdiløst for drifta, og her må det informerast at løa vert nytta som fôringsplass og til handtering av dyra. Det medfører ikkje riktighet at tilkomst til løa er problematisk, då traktorvegen sørover ligg rett framfor løa. Bygningsmassen vert karakterisert som i dårleg stand, men alt av tak og vegg er inntakt, og vestvegg er bytta i nyare

tid, og overflatene er malte.

I tillegg til innvendingane ovanfor må det påpeikast at den største byrda for drifta vil vere at ein

får utskild ein eigendom midt i dei viktigaste innmarksbeita på garden. Dette har potensiale til og

skape konflikter, både med beitende dyr, og bruk av maskinar og utstyr. Vidare vil delar av vegen som knytter dei nordlege delane av garden saman med dei sørlege delane av garden, gå

over den nye parsellen. Ein vil då hindre tilkomst til innmarksbeita sør for den nye parsellen, samt eit stort utmarksbeite og store skogområder vidare sørover. Ein eventuell flytting av denne

vegen er heller ikkje ukomplisert, og vil beslaglegge yttarlegare beiteområde.

Tilkomsten til den nye parsellen vil krysse store delar av garden, og i så måte kunne føre til konflikter med gardsdrifta.

Til slutt må det påpeikast at små landbrukseigendomar lik denne er særst utsatt for nedlegging.

Dette mellom anna fordi gardane er tungdrevne, små og med marginale innteningsmoglegheiter.

Husa søkt utskild kan vere eit godt utgangspunkt for utvikling av attåttnæringar på garden, og ei

utskilling av parsellen vil i så måte gjere garden mindre driveverdig enn det den er i dag.

Håper momenta vert tatt omsyn til i vurderinga av saken.

Og merknader til nabovarsel datert 5.10.16 også dette i frå eigar av gbnr 56/9:

Viser til utsendt nabovarsel til g.bnr 56/9.

Ligger ved tidligere brev til kommunen vedrørende søknaden, og gjør det gjeldende som kommentar også til nabovarselet. Med bakgrunn i nevnte brev kan jeg ikke stille meg positiv til tiltaket. Informasjonen gitt i nabovarselet virker ikke å kommentere, eller oppklare, noen av bekymringene i ovennevnte brev.

Det blir i nabovarselet, som i den første søknaden, påstått at eiendommen ikke har noen verdi for gården, og at parsellen som søkes utskilt ikke har verdi som beite eller skogbruksareal. Da alt annet enn bebygd areal er benyttet som beite per dags dato kan ikke påstanden bifalles. Samtidig er ikke det at eiendommen i dag ikke innbringer

inntekter noe bevis for at det ikke utgjør en mulig inntektskilde for gården. Det blir påpekt at fordelene må være større enn ulempene for å gi dispensasjon. Ulempene ved å ha en utskilt fritidseiendom midt i beste innmark er allerede kommentert i brev sendt til kommunen. Da tiltenkt eier allerede disponerer eiendommen kan ikke fordelene sies å være vesentlige. Kan derfor ikke bifalle påstand om at vilkår for å gi dispensasjon er oppfylt.

Påstanden om tilkomst og nytteverdi er uriktig fremstilt, noe en eventuell synfaring vil vise. Påstått gangsti/kjerrevei er i realiteten en traktorvei. Underskrevne har selv brukt veien med traktor i en årrekke. Traktoren som i dag disponeres på bruket er vesentlig mindre enn den tidligere brukt. Løen har også blir brukt til både lagring og håndtering av dyr. Påstanden om at bygget ikke har verdi for driften av gården stemmer derfor ikke. Ser derfor at hensynet til LNF-formålet vil bli vesentlig tilsidesatt dersom det gis dispensasjon.

Videre er det fortsatt ikke lagt frem en veiløsning for parsellen som søkes utskilt. Det foreligger heller ingen avtale om bruk og/eller vedlikehold av utkjørsel som er tiltenkt brukt, hvor kun g.bnr 56/14-15 og 56/49 har veirett.

Videre etterlyses nabovarsel til eiendom 56/49. Per dags dato er ikke alle berørte parter varslet, slik formålet med nabovarsel er.

Hva gjelder utskilling av naust kan det heller ikke ses at det gagnar gårdsdriften. Samtidig er eierskapet til området søkt utskilt omtvistet. Store deler av området ble i 2015 oppusset som del av et fellesareal, påkostet av alle grunneire, og hyttefolk, på Hundvin

Tiltakshavar har kommentert nabomerknad ved brev datert 19.09.16:

Tilsvaer innspel til vaer søknad om frådelling av hus/bygningar på Gnr 56/bnr15.

Det har kome innspel til vaer søknad om frådelling av hus bygningar på bnr 15, innspela gjeld

- 1) vegrett over bnr 13
- 2) bruk av løa i drift av garden
- 3) evt byrde for gardsdrifta
- 4) hindringar for garden sin tilkomst til dei sørlegare delane av garden(skogen)

1)

Ved omlegging og bygging av ny vegtrase over bnr 13 vart det inngått avtale om bruk og kostnadsdeling for alle brukarane av vegen, dvs. bnr 13,14,15 og 49. Påstanden er derfor ikkje rett.

2)

Det stemmer heller ikkje at den gamle løa på bnr 15 blir brukt i gardsdrifta. Vi prøvde å gjere oss bruk av bygninga tidlegare, men den var i såpass dåreg forfatning at vi fann det meir tenleg å bygge foringshus for formålet foring og handtering av dyra. Dette også av omsyn til at vegen bort til dit ikkje er brukande for daglege behov. Vi har gjort eit minstemål av vedlikehald av bygninga, men det er mest av estetiske omsyn, og for å hindre at dyr og menneske kunne komme til skade.

3)

Det er rett at det mange stader har blitt konflikt mellom landbruket sine interesser ved utskillingar, og det er i dag eit strengt lovverk som regulerer omsynet til landbruket i slike høve. Vi er samde i at dette omsynet skal telle tungt, og vi har tenkt nøye gjennom korleis ei evt fråskilling skal gjerast så skånsomt som muleg. Det stemmer ikkje at denne parsellen blir liggande «midt i beiteland» Vi søker om frådelling av 1,2 mål inkl grunnen til husa. Parsellen ligg inn mot steingard til utmark, og utgjør i praksis ingen tap av beitemark. Det er for det meste bergknausar og skrinn mark rett rundt huset.

Lovverket er til støtte for rammene ved slike frådellingar, men også kjennskap til lokale tilhøve må tillleggast vekt. Vi har leigd ut huset som fritidseigedom for å kunne ha midlar til avgifter og turvande vedlikehald av huset. Huset er i såpass enkel stand at det ikkje har vore muleg å sjå på utleige som ei inntektskjelde. Det har aldri vore konflikter mellom gardsdrifta og denne bruken. Heller ikkje mellom gardsdrifta og bruken av den eldre hytta som ligg rett i nærleiken. I tillegg er området brukt ein god del for turar, og det går sti inn mot postvegen. Vi har lagt til rette med grunder oa for at folk skal kunne ta seg fram, og det har ikkje vore vanskar av noko slag.

Fordelen er at vi her kan få eigarar som har mulighet for å ivareta det gamle huset og såleis det særeigne vestnorske kulturlandskapet mellom grønne bakkar, vatn og myrer. Det å vedlikehalde bygningar, steingardar og andre kulturminnesmerke er inga lita oppgåve og utgift for ein gardseigar. Dette kan ofte vere uløyselege byrder for neste generasjon med så lita gardseining vi her snakkar om. For at vi skal kunne ha ei viss inntekt på drifta har vi avtalar med 3 andre grunneigarar på Hundvin for å kunne ha nok beite, i tillegg til fjellbeitet.

4)

Vi noterer oss at det også kjem merknad om at veg/tilkomst mellom nordleg og sørleg del av garden kan bli øydelagd ved denne utskillinga. Vegen det her er snakk om er ein gang/kjerreveg, og moderne maskiner kan i liten grad nytta vegen anna enn ved særskilde høve (etter lengre tørke). Vegen er bratt, smal og myrlendt. Vi har kjøpt ATV for å kunne ivareta naudsynte behov for transport. Vegen går fram til huset, etter det er det sti som går innover mot skogen. Vi kjører ikkje siste del av vegen med maskiner, men tar av ved løa for å kome til beitemarka inn mot skogen. Garden sin tilgang til skogen går via postvegen, og det blei i tillegg tatt unna vegrett ved avståing av grunn til smoltanlegget på Nesfossen frå sør, men då må vi kjøre via hovudvegen.

Ved utskilling av bnr 49 frå bnr 14 der Andreas Hundvin no bur, vart det tatt unna vegrett for garden over denne parsellen fram til innkjøring på postvegen mot skogen i sør. Andreas Hundvin nektar oss no å bruke denne vegen, noko som aldri var problem med tidlegare eigarar. Men dette er ei sak for seg, og må løysast på anna vis.

Poenget er at dersom garden vår skal ha ein forsvarleg tilkomst mellom nord og sør på eigen grunn, så trengs det betydelege utlegg og andre trasear enn dei vi ser i dag. Den gamle gang/kjerre-vegen kan ikkje byggjast ut av omsyn til væte, topografi og plassering av hytta, løa og våningshuset langs traseen. Ikkje minst ville slik endring medføre alvorlege inngrep i beitelandet vårt.

Vi kan legge veg som går beint fram på hyllene frå foringshuset og i området mellom bnr 49 og 15 for å komme til skogen.

Dette er såleis ei problemstilling som er lite aktuell i denne omgang etter vårt syn.


Hundvin, 19.09.16

Planstatus

Området det søkjast frådeling for ligg innafor LNF-føremålet i kommuneplanen. Garden er i dag i drift det same gjeld for tomtane i nærleiken. Det er per i dag ikkje etablert køyreveg med fast dekke fram til våningshuset.

Kart/foto





Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

SØKNAD OM DISPENSASJON

På vegne av May Aud Hundvin og Kjell H. Ølnes søkes det herved om dispensasjon fra kommuneplanens arealdel for fradeling av tomt til fritidsformål beliggende i LNF-område.

Etter plan- og bygningsloven § 19-2 annet ledd kan det ikke gis dispensasjon dersom hensynene bak den bestemmelse det dispenseres fra eller lovens formålsbestemmelse blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene med å gi dispensasjon være klart større enn ulempene.

Det gjøres gjeldende at vilkårene for å gi dispensasjon er oppfylte i dette tilfellet.

Hensynene bak LNF-formålet er særlig ivaretagelse av arealer for landbruk og friluftsliv samt opprettholdelse av kulturlandskap og naturmangfold. Da eiendommen er en landbrukseiendom er det først og fremst hensynet til landbruk som gjør seg gjeldende i denne saken.

Den aktuelle parsellen fremstår allerede som en tomt for fritidsformål. Det er står et eldre hus på parsellen som er blitt brukt til fritidsformål og i rekreasjonsøyemed av familien. Det har vært noe begrenset, men ikke lønnsom, utleie av huset til ferieformål. Arealet kan verken benyttes til dyrking eller skogbruk.

Arealet omfatter også en eldre løe. Denne har grunnet sin beliggenhet og topografien på stedet ingen nytteverdi for gårdsdriften. Det er meget bratt på stedet, og det er ikke mulig å komme frem til løen med traktor.

Av hensyn til gårdsdriften har man valgt å legge grensen for den nye parsellen langs løens vestfasade, slik at eksisterende gangsti/kjerrevei blir liggende igjen på hovedbruket. Dette for å sikre gården vei frem til beitet vest for den nye parsellen.

Da det er tale om et areal som verken brukes i landbruksdriften i dag eller som vil kunne gjøre det i fremtiden, gjøres det gjeldende at hensynene bak LNF-formålet ikke blir vesentlig tilsidesatt dersom det gis dispensasjon til fradeling.

Uttale

Saka er sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune. Det er av Fylkesmannen gjeve slik uttale den 05.12.16:

Tunet er etter det opplyste frå kommunen ikkje nytta særleg aktivt i landbruksdrifta, men det ligg i nær tilknytning til landbruksareal i drift. Etter deling vil den nye eigedomen ligga midt i eit reint landbruksområde og inntil dyrka mark. Ved ei eventuell deling vert parsellen fritt omsetjeleg slik at ein vil kunne tenka seg framtidige konflikhtar mellom bruk av tiltstøytande areal til landbruksformål og bruk av tunet til fritidsbustad.

Fylkesmannen legg vidare vekt på at det er lagt til rette for at turgåarane kan nytte den gamle vegen som går forbi tunet, når dei vil vidare inn i skogen eller til den gamle postvegen som går litt lenger borte. Auka bruk og istandsetjing av tunet til fritidsbruk vil då kunne gi framtidige utfordringar ved at arealet i større grad verkar privatisert.

Fylkesmannen vil etter dette rå frå at det vert gitt løyve til fradeling av tunet med

formål fritidsbustad.

Kommunen bør ikkje gi dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til

søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd siste setning. Dersom det likevel vert

gitt dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Hordaland Fylkeskommune har gjeve slik uttale den 29.12.16:

Saka gjeld søknad om frådelig av eigedom og istandsetting av verneverdig våningshus på gnr. 56, bnr. 15 i Lindås kommune.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi gjer merksam på at det på eigdommen gnr. 56, bnr. 15 er ei verneverdig lemstove, SEFRAK-nr. 1263-0013-062, som kan vere eldre enn 1850. Eventuelle tiltak på eigdommen er difor meldepliktig, jf. kulturminnelova § 25. Vi rår til at kommunen informerer tiltakshavar om at dei kan ta kontakt med Museumssenteret i Hordaland, som kan gje faglege råd i høve istandsetting av lemstova.

Vurdering

Privatrettslege forhold etter pbl § 21-6:

Det er innkomme slik merknad i frå Tor Nesse:

Vår til utsendte nabovarsel fra Aud May Hunderin, Kjell Olmes Hunderin og egen 118, angående søknad om ånd til fritidsformål og maustomb. Når det gjelder maustomben (nuværende maust) så er det på i dag 6 x 4 m. Eg har ikkje sett papir på at dei eig kommunen på mausted og rundt. På varselet står det oppført 88 m²! Eg har ikkje gån med på dette da vi jelles mausteigarar har stripp på begge sider av utløp - innløpet for å kunne gi byggebord i bakke vore.

Det er av ansvarleg søker sendt inn dokument i frå Nordhordland Jordskifterett datert

26.09.1966 der det mellomanna går fram

«Jordskifteretten meiner difor at grensa for bnr. 15 gjekk til grensa mot bnr. 12 som då eigde holmen som Meieriet, brygga og lagerhuset for brygga står på no i dag. Seinare har så bnr. 15 fått setja naustet sitt nordst på denne holmen som då var eigd av bnr. 12, man naustet til bnr. 15 står nok i dag på eigande grunn.»

Når det gjeld frådeling av naustetomta og eigarforholda til grunnen skal dette vurderast opp mot plan- og bygningslova § 21-6 der det går fram at *«Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det framstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter skal søknaden avvises.»*

Det skal vurderast om tiltakshavar har sannsynleggjort at de har de privatrettslege rettar til å frådele arealet naustet ligg på.

Plan- og bygningsmynde skal ikkje vurdere det privatrettslege utover om det framstår som *openbart* at slike rettar ikkje ligg føre. Påstand går ut på at tiltakshavar ikkje eig grunna naustet ligg på og difor ikkje har de private rettar til å frådele tomta. Det er av ansvarleg søkjar sendt inn rettsdokument som vurderar eigarforholda til nausta. Ei overprøving av eit slikt dokument ligg utafor Plan- og bygningsmynde sitt forvaltningsområde, og vi har difor ikkje merknader til innhald i dette. Administrasjonens vurdering omfattar difor kun om det er *sannsynleggjort* om tiltakshavar har de private rettar til frådeling. Administrasjonen vurderar det slik at det er sannsynleggjort at tiltakshavar har dei private rettane til frådeling på bakgrunn av vurdering i dom av 1966, og vil difor realitetshandsame søknaden.

Vi gjer merksam på at ei vurdering etter plan- og bygningslova § 21-6 ikkje inneberer ei avgjere av det privatrettslege forhold.

Dispensasjon

Våningshuset ligg på ei flate ned mot Toravatnet. Det er ikkje veg fram til huset, men det er utarbeida private rettar som sikrar huset bruk av veg over ei eventuell nabogrunn.

Området grensa til jordbruksområder. Det er søkt om frådeling av tomt til fritidsbustad. Det er ikkje fatta vedtak etter jordlova for omdisponering av jordbruksareal.

Ved opprettelse av ny eigedom må ein sjå kva konsekvenser dette får for rundtliggende eigedomer og det plangrunnlaget som er lagt for desse, men også kva kvaliteter ei eventuell ny eigedom får som ei sjølvstendig tomt for framtida.

Tomta får adkomst over eit gardstun. Tilkomstveg er per i dag ikkje egna for auka trafikk i området. Det er ikkje eit krav til tilkomst for fritidsbustader, men det ligg ei klar forventning til dette for fritidsbustader. Ei eventuell ny fritidseigedom vil vere fritt omsetjeleg slik at ein må vurdere kva interessekonfliktar ei slik deling vil kunne gi. Området rundt våningshuset er tilkomst til friluftsområder for ålmenta. Auka og endra

bruk av tunet vil slik sett vere til hinder for vidare bruk av denne tilkomstvegen.

Området rundt tunet er i dag landbruksareal i drift. Omsøkte tiltak er i strid med dette formålet og ein ser også her framtidige konflikhtar mellom bruk og interessar i området.

Tunet kan per i dag nyttast som fritidsbustad utan frådelling, utan den privatiseringa ei frådelling opparbeidar seg over tid.

Som eit utgangspunkt skal ein ikkje dele i frå tomter til endra bruk. Det skal difor vera tungtveiande argument for at ein skal tilsidesetja arealføremålet for ei framtidig tomt. Dette gjer seg særskilt gjeldande for landbrukstomter eller areal som grensar opp mot dyrka mark eller anna jordbruksareal.

Det går mellomanna fram av søknad om dispensasjon:

« Den aktuelle parsellen fremstår allereie som en tomt for fritidsformål. Det står et eldre hus på parsellen som er brukt til fritidsformål og i rekreasjonsøyemed av familien. Det har vært noe begrenset, men ikke lønnsom, utleie av huset til ferieformål. Arealet kan verken benyttes til dyrking eller skogbruk.»

Administrasjonen er ikkje samd i denne vurderinga. Området fremstår per i dag som lite privatisert. Ved endring av denne status gjennom eit delingsvedtak vil det kunne føra til auka privatisering av areal som tidligare har vore open for ålmenta og som vil kunne få betydning for forvaltninga av dei landbruksareala som ligg rundt eigedommen.

Administrasjonen kan ikkje sjå at argumenta for å frådele ei ny tomt i dette området veier opp for ulempene ei slik tomt vil få for området over tid. Frådelling av eigedommen til fritidsføremål vil og kunne skape presedens for liknande saker. Vi finn difor ikkje å kunne gjeve løyve til dispensasjon frå LNF-føremålet for opprettelse av ny grunneigedom.

Naustetomt er søkt frådelt frå brn 15 og til ei eventuell ny grunneigedom.

Administrasjonen er negativ til frådelling av ny eigedom frå gbnr 56/15. Når det vert gjeve avslag i frå administrasjonen på denne søknaden kan ikkje naustetomta frådelast til omsøkte formål, altså tillegg til ny tomt.

Konklusjon

Det er administrasjonen sin konklusjon at ei frådelling av tomt for fritidsbustad vil føre til ei auka privatisering av et område open for ålmenta. Over tid er det påreknelig at det vil oppstå interessekonflikhtar mellom landbruksområdene rundt og fritidsbustaden, og vidare tilrettelegging av dette formålet på tomta. Ein kan ikkje i denne saka sjå at fordelande for å gje dispensasjon er større enn ulempene og tilrår at det vert gjeve avslag på søknad om dispensasjon.

Lenke til innsyn i saka:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2016002496&

.....